

**KONTROLLUVALET I  
SULA KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 30.04.2015, kl.13.00

Møtestad: Kontrollutvalsekretariatet sine møtelokalar, Lerstadvegen 545

Møtet vart leia av Jim Arve Røssevoll

Elles til stades:

Gunvor Reistad Aannø og Per Sortehaug

**= 3 voterande**

Jan Arild Lied, Marianne Molvær Nygård og Svein Værnes hadde forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte: Dagleg leiar Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møtte: Dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Frå Sula kommune møtte rådmann Leon Aurdal, økonomisjef Britt Blindheim og driftseiningsleiar Terje Havnegjerde

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

**SAK 07/15**

**GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 17. MARS 2015**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 17. mars 2015 blir godkjent.

**SAK 08/15**

**ÅRSMELDING 2014 – SULA KOMMUNE**

Innstilling datert 27.04.2015 frå kontrollutvalsekretariatet.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Kontrollutvalet tek årsmelding 2014 for Sula kommune til orientering.
2. Kontrollutvalet har merka seg at utviklinga i resultat og lånegjeld er negativ. Nøktern pengebruk vil vere avgjerande for økonomisk handlefridom i komande år.

**SAK 09/15**  
**KOMMUNEREKNESKAPEN 2014 – SULA KOMMUNE**

Innstilling datert 27.04.2015 frå kontrollutvalsekretariatet

**Kontrollutvalet sin samrøystes uttale:**

Sula kommune sin rekneskap for 2014 blir godkjent.

**SAK 10/15**  
**TOMT VED KIRKEKRYSSSET**

Saksdokument datert 27.04.2015 frå kontrollutvalsekretariatet.

Rådmann Leon Aurdal og driftseiningsleiar Terje Hamngjerde orienterte. Av orienteringa gjekk det m.a. fram at kjøpar hadde vidareseid tomta.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet viser til k-sak 020/14 der ein set visse vilkår for sal av gnr. 104 bnr. 31 i Djupdalen. Dersom det vert gjort endringar som ikkje er i samsvar med intensjonane med ovannemnde vedtak, bør kommunen vurdere å nytte sin rett til å få området tilbakeført. Kontrollutvalet vil i ein slik situasjon tilrå at rådmannen legg fram ei sak for kommunestyret om dette spørsmålet.

**SAK 11/15**  
**OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT OM BYGGESAKER**

Saksdokument datert 27.04.2015 frå kontrollutvalsekretariatet.

Rådmann Leon Aurdal og driftseiningsleiar Terje Hamngjerde orienterte om arbeidet med tiltak som no er på gang.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Rådmannen blir bedt om å gi ei skriftleg tilbakemelding til kontrollutvalet.

Jim Arve Røssevoll  
leiar  
(sign.)

Gunnvor Reistad Aannø  
medlem  
(sign.)

Per Sortehaug  
varamedlem  
(sign.)